



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
– Hovedkontor
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Terje Vidar Hoel / 53650120

Vår referanse:
17/12327-2

Dykkar referanse:
201106943-6

Vår dato:
11.04.2017

Vår uttale – Søknad om løyve til å byggje tre småkraftverk i Odda kommune – Småkraft AS

Me syner til oversendingsbrev dagsett 17.01.2017, der NVE ber om uttale til høyring av søknad.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles. I dette høvet gjer me uttale på vegne av Hordaland fylkeskommune sin vegeigarfunksjon, og som forvaltar av riksveg på vegne av staten. Våre interesser i denne saka er retta mot Rv. 13, Fv. 13 og Fv. 550.

Vår uttale

Øvre Seljestad kraftverk.

Heile kraftanlegget, frå inntaksdam til kraftstasjon med avløp og tilkopling til overføringsnett, vil grense opp mot kommunal-/privat veg. Tilkomsten vil vere frå kryss E134/kommunalveg ved Lontjørn. Anlegget vil ikkje påverke våre interesser, og vi har **ingen merknader**.

Nedre Seljestad kraftverk

Inntaket vil få same tilkomst som Øvre Seljestad.

Tilkomsten til kraftstasjonen er i vedlegg 5 i søknaden teikna inn via tilkomst til gnr. 37/bnr. 9 frå Rv. 13. Denne tilkomsten har ein særleg dårleg utforming. Rv. 13 er i vår «Rammeplan oktober 2013 for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesveggar i Region vest» gitt ein streng haldningsklasse.

Statens vegvesen ynskjer derfor ikkje at denne tilkomsten skal nyttast av Nedre Seljestad kraftverk. **Vi ber om at det vert sett på alternativ tilkomst frå Sv 12 via Fv. 13.**

Tokheim kraftverk

Kraftanlegget vil i grove trekk verte bygd på kommunal/privat grunn.

Det er 2 alternativ for plassering av stasjonsbygg, der det eine alternativet er nære fylkesvegen.

Statens vegvesen jobbar i dag med å redusere tal for kryss/avkøyrslar i området, og **vi vil setje krav om at eksisterande tilkomstar vert nytta.**

Vidare vil vi gjere utbyggar merksam på at alle tiltaka i Tokheimslia kan føre til at vatnet tek nye vegar, og at dette kan føra til at vårt dreneringssystem må utbetras. Utbyggar må ta ansvar for slike tilhøve.

Generelt for alle 3 kraftverka

Der det vert utvida bruk av avkøyrslar, og/eller behov for kryssing/luftspenn over veg, skal det søkast i god tid før tiltak vert utført.

Statens vegvesen har ingen fleire merknader no.

Når det ligg føre eit konkret planframlegg, vil me vurdere om våre interesser er tilstrekkeleg sikra i planen.

Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Hoel Terje Vidar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE – Hovedkontor, Postboks 5091 Majorstuen, 0301 OSLO

Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA